HERØY kommune

EIGEDOMSAVDELINGA

KONKURRANSEGRUNNLAG

Open tilbodskonkurranse
etter del I og II i forskrift om offentlege anskaffingar

Bygning	Industrivegen 19
Prosjekt nr.	052297
Prosjektnamn	Ombygging Industrivegen 19
Aktivitet	Totalentreprise

Innhald

1 Generelt om konkurransen 3
1.1 Om oppdragsgjevar 3
1.2 Oppdragsgjevar sin kontaktperson 3
1.3 Generelt om oppdraget 3
1.4 Opsjonar 3
1.5 Kunngjering 4
1.6 Tilbodssynfaring 4
1.7 Framdriftsplan 4
1.8 Kontraktsvilkår 4
1.9 Kostnader ved utarbeiding av tilbod 4
2 Alminnelege reglar for gjennomføring av konkurranse 5
2.1 Anskaffingsprosedyre 5
2.2 Kommunikasjon og tilleggsopplysningar 5
2.3 Alternative tilbod 5
2.4 Tilbod på deler av oppdraget 5
2.5 Offentlegheit og teieplikt 5
3 Kvalifiseringskrav 6
3.1 Om kvalifiseringskrav 6
3.2 Støtte frå andre føretak 6
3.3 Attest for skatt og meirverdiavgift 6
3.4 Organisatorisk og juridisk stilling 7
3.5 Økonomisk og finansiell kapasitet 7
3.6 Tekniske og faglege kvalifikasjonar 7
3.7 Underleverandørar 8
4 Tildelingskriterium 8
4.1 Miljø og berekraft 8
4.2 Tildelingskriterier 8
4.3 Evaluering 9
5 Krav til tilbodet 10
5.1 Generelt om atterhald og avvik 10
5.2 Levering av tilbod og tilbodsfrist 10
5.3 Tilbodets språk 11
5.4 Levering av tilbod 11
5.5 Vedståingsfrist 12
6 Avslutning av konkurransen og kontraktinngåing 12
6.1 Tildeling av kontrakt 12
6.2 Avlysing av konkurransen og totalforkasting – avviste tilbod 12
7 Vedlegg 12

1 Generelt om konkurransen

1.1 Om oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar for denne konkurransen er Herøy kommune, org.nr. 964 978 840.

Herøy kommune ligg på Søre Sunnmøre og har ca. 9 000 innbyggarar. Fosnavåg er kommunesenter. Kommunen består av fleire øyar, og alle øyar med fast busetnad har fastlandssamband.

For meir informasjon om oppdragsgjevar, sjå oppdragsgjevar si internettside www.heroy.kommune.no

1.2 Oppdragsgjevar sin kontaktperson

Oppdragsgjevar sin kontaktperson er

Namn:	Philipp Kessler-Myking, prosjektleiar eigedomsavdelinga
e-post:	phikes@heroy.kommune.no

All kommunikasjon kring anskaffinga skal skje i EU-Supply-portalen. Eventuelt andre spørsmål kan rettast til kontaktperson per e-post.

Det skal ikkje vere kontakt/kommunikasjon med andre personar hjå oppdragsgjevar når det gjeld tilbodskonkurransen enn nemnde kontaktperson.

1.3 Generelt om oppdraget

Herøy kommune ber om tilbod på totalentreprise i vårt prosjekt: 052297 - Ombygging Industrivegen 19. Industrivegen 19 er lokalisert i Myrvåg og vart fyrst oppført i 1985. Bygget har i ettertid hatt to påbygg både i 1998 og i 2005. I dei siste åra har bygget vore nytta til tannlegekontor og utleige til Kystlab (som er stasjonert i delar av bygget).

Tidlegare tannlegekontor skal rehabiliterast for å kunne nyttast som nytt lokale for NAV Herøy.
Delen av bygget som skal rehabiliterast er på ca 385 m2, og er oppført i 3 forskjellige byggetrinn. BT1 oppført i 1985 ca 115 m2, BT2 oppført 1998-2000 ca 95 m2 og BT3 oppført i 2005 ca 175 m2.

Prosjektomfang er i hovudsak å totalrehabilitere den innvendige delen i tillegg til mindre endringar av fasade. Totalentreprenør skal også gi ein opsjonspris på nye vindauge og ein opsjonspris på solskjerming type screens. Detaljert oversikt av arbeidet er å finne i kravspesifikasjonar, sjå vedlegga under pkt. 12..

Prosjektet skal gjennomførast som totalentreprise og tilbodet skal omfatte komplett arbeid og inkludere prosjektering og leveransar som definert i prosjektets konkurransegrunnlag. Teikningsgrunnlaget er å oppfatte som ei moglegheitsstudiet og TE tar over det totalet ansvaret fram til overleveringstidspunktet.

Kontraktarbeida skal ha oppstart direkte etter kontraktsinngåing og prosjektet vert forventa ferdigstilt i løpet av april 2027.

1.4 Opsjonar

Konkurransen inneheld følgjande opsjonar:

1. Utskifting av vindauge på byggetrinn 1, 2 og 3
2. Levering og montering av solskjerming i form av screens på byggetrinn 1, 2 og 3
3. Split-enhet for kjøling ikt-rom

4. Frådrag i pris ved bruk av eksisterande inntak/avkast

Opsjonane er opplyst og spesifisert i kravsspesifikasjonar og tilbodsskjema(prisskjema).

1.5 Kunngjering

Konkurransen vert kunngjort i Doffin og på kommunen si heimeside.

1.6 Tilbodssynfaring

Det blir gjennomført tilbodssynfaring for leverandørar 28. september 2026 kl. 10:00: Industrivegen 19, 6080 Gurskøy.

Formålet med synfaringa er å avdekke og avklare det som kan vere uklart i konkurransegrunnlaget, og å få ei nærare presisering av oppdraget. Tilbydarane oppfordrast til å gå grundig gjennom konkurransegrunnlaget før synfaringa, og eventuelt stille spørsmål til konkurransegrunnlaget på forhånd, jf. pkt. 2.2 nedanfor.

Leverandørar vert oppfordra til å delta på tilbodssynfaringa på byggeplassen.

1.7 Framdriftsplan

Oppdragsgjevar har lagt opp til følgande tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Kunngjering av konkurransen	17.09.2026
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	15.10.2026 kl. 12:00
Frist for å levere tilbod	**20.10.2026 kl. 12:00**
Gjennomføring av eventuelle forhandlingar	Veke 43-44. 2026
Frist for å levere eventuelt revidert tilbod	3 dagar etter forhandling
Val av leverandør og melding til leverandørar	Veke 45. 2026
Kontraktsinngåing	Veke 47. 2026
Tilbodet sin vedståingsfrist	90 dagar

Det gjerast oppmerksam på at tidspunkta etter fristen for å leverer tilbod er førebelse. Ein eventuell forlenging av vedståingsfrist kan berre skje med leverandørens samtykke.

1.8 Kontraktsvilkår

Totalentreprise. Kontraktsforholdet vert regulert av NS 8407:2011 med dei tilpassingar som følgjer av konkurransedokumenta og spesielle kontraktsvilkår, jf. vedlegg 9.

1.9 Kostnader ved utarbeiding av tilbod

Leverandør ber sjølv alle kostnadar relatert til tilbodet og deltaking i konkurransen.

2 Alminnelege reglar for gjennomføring av konkurranse

2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga vert gjennomført i medhald av lov om offentlege anskaffingar av 17. juni 2016 nr. 73 og forskrift om offentlege anskaffingar av 12. august 2016 nr 974 (FOA) del I og II.

Kontraktstildeling vil bli føreteke etter prosedyren open tilbodskonkurranse jf. FOA § 9-2 (1). Alle interesserte leverandørar har høve til å levere tilbod.

Oppdragsgjevar planlegg i utgangspunktet å gjennomføre konkurransen utan å ha dialog med leverandørane. På denne bakgrunn oppfordrast tilbydarane til å levere sitt beste tilbod ved innleveringsfristen.

Dersom oppdragsgjevar, etter opning av tilboda, finn det formålstenleg å gjennomføre forhandlingar med leverandørane, vil oppdragsgjevar kalle inn leverandørane til individuelt forhandlingsmøte om tilbodet. Det vil i etterkant av forhandlingsmøtet bli gitt ein rimeleg frist for innsending av revidert tilbod.

2.2 Kommunikasjon og tilleggsopplysningar

Innan tilbodsfristens utløp har oppdragsgjevar rett til å foreta rettingar, suppleringar og endringar av konkurransegrunnlaget som ikkje er vesentlege.

Rettingar, suppleringar og/eller endringar i konkurransegrunnlaget vil bli publisert i konkurransegjennomføringsverktøy (KGV).

Leverandøren blir oppmoda om å følgje dei rettleiingane som er gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg, og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt via EU-Supply-portalen innan fristen for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget, jf. pkt. 1.7.

Alle spørsmål vil bli besvart i anonymisert form og gjort tilgjengeleg i KGV for leverandørane.

2.3 Alternative tilbod

Det er ikkje mogleg å gi alternative tilbod. Tilbod på annan løysing enn dei spesifiserte, eller tilbod som på annan måte ikkje er i samsvar med konkurransegrunnlaget, vil sjåast på som eit tilbod med atterhald eller avvik, jf. pkt. 5.1 nedanfor.

2.4 Tilbod på deler av oppdraget

Det er ikkje høve til å gi tilbod på delar av oppdraget.

2.5 Offentlegheit og teieplikt

Inntil val av leverandør er gjort kan det nektast innsyn i tilbod og anskaffingsprotokoll, jf. lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova) § 23.

Etter at val av leverandør er gjort, er tilbod og protokoller som utgangspunkt opne for innsyn. Det er likevel gjort nokre unntak frå innsynsretten i offentleglova. Oppdragsgjevar plikter å hindre at andre får tilgang til opplysningar om tekniske innretningar, prosedyrar og framgangsmåtar, eller drifts- og forretningsforhold

det vil være av konkurransemesseg betydning å hemmeleghalde, jf. offentleglova § 13, jf. forvaltningslova § 13.

Leverandørar blir oppmoda om å levere ein sladda versjon av sitt tilbod. Ved eventuelle krav om innsyn vil oppdragsgjevar likevel føreta ei konkret og sjølvstendig vurdering av om innsynskravet kan etterkomast, jf. offentleglova § 29.

Oppdragsgjevar er pålagt å følge prinsippet om meirinnsyn, jf. offentleglova § 11.

3 Kvalifiseringskrav

3.1 Om kvalifiseringskrav

Leverandørar må oppfylle kvalifikasjonskrava i dette kapittelet for å kunne få sitt tilbod evaluert. Leverandørar som ikkje oppfyller kvalifikasjonskrava, vil bli avvist frå konkurransen, jf. FOA § 9-5.

Alle leverandørane må dokumentere oppfylling av kvalifikasjonskrava i samsvar med dei dokumentasjonskrava som er oppstilt til det enkelte kvalifikasjonskrav. Dersom leverandøren er usikker på om dokumentasjonen er tilstrekkeleg til å oppfylle kvalifikasjonskravet, bør avviket opplysast, og relevant tilleggsinformasjon leggast ved tilbodet

Leverandørane er ansvarleg for å levere all etterspurt dokumentasjon. Manglande dokumentasjon eller mangelfulle opplysningar kan føre til at leverandøren blir avvist, jf. FOA §§ 9-4 og 9-6.

3.2 Støtte frå andre føretak

Leverandøren kan velje å støtte seg på andre føretaks kapasitet for å oppfylle krava til leverandørens «Økonomisk og finansiell kapasitet» pkt. 3.5 under og til «Tekniske og faglege kvalifikasjonar» pkt. 3.6. Med «andre føretak» meinast til dømes morselskap, samarbeidspartnar, underleverandør og liknande.

Leverandøren må i så fall opplyse om på kva kvalifikasjonskrav den nytter seg av støttande føretaks kapasitet, og støttande føretak må levere dokumentasjon iht. krava under som syner at det sjølvstendig oppfyller kravet den skal gje støtte for oppfylling av. Videre gjelder krav til dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrava som går fram av pkt. 3.3 og 3.4 og for støttande føretak. Altså må eventuelle støttande føretak levere eigen skatteattest og firmaattest.

Leverandøren må i tillegg dokumentere at den vil ha rådigheit over de naudsynte ressursane frå støttande føretak i kontraktsperioden, ved å legge fram ei forpliktingserklæring (vedlegg 6. Forpliktingserklæring). Annan relevant dokumentasjon som til dømes garanti, samarbeidsavtale eller liknande bes framlagt på førespurnad.

3.3 Attest for skatt og meirverdiavgift

I samsvar med FOA § 7-2 skal vald leverandøren levere skatteattest for skatt (skatt, forskotstrekk, utleggstrekk, arbeidsgivaravgift) og meirverdiavgift (Skatteattest – RF 1316). Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå fristen for å levera tilbod. Skatteattest bestillast i Altinn.

Kravet gjeld også evt. underleverandørar ved inngåing av kontraktar i tilknyting til oppdraget som overstig kr. 500 000,- ekskl. mva.

3.4 Organisatorisk og juridisk stilling

Oppdragsgjevar stiller slike krav:

Kvalifikasjonskrav	Dokumentasjon
Leverandøren skal være eit lovleg etablert føretak.	Norske føretak: Firmaattest. Utanlandske føretak: Attest frå føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.

3.5 Økonomisk og finansiell kapasitet

Oppdragsgjevar stiller slike krav:

Kvalifikasjonskrav	Dokumentasjon
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne oppfylle kontrakten. Økonomisk og finansiell kapasitet vert vurdert ut i frå omsetning, soliditet og likviditet, sett i forhold til kontraktens verdi. Det vert kravd minimum kredittvurdering «A» i Dun & Bradstreet Risk Guardian Suite.	Opplysningar i leverandørs årsrekneskap for 2023 - 2025. For norske leverandørar innhentar oppdragsgjevar årsrekneskap frå Brønnøysundregisteret eller økonomiske opplysningar frå Proff.no. Dersom leverandørar sine årsrekneskap ikkje kan innhentast frå Brønnøysund-registeret, skal årsrekneskap leggast ved. Dersom leverandør hevdar at årsrekneskap og økonomiske opplysningar gjev eit feil bilete av leverandør sin økonomiske situasjon, skal dette grunngjevast og dokumenterast. Oppdragsgjevar vil sjølv gjennomføre kredittvurdering gjennom vårt kredittanalyseverktøy - Dun & Bradstreet. Risk Guardian Suite

3.6 Tekniske og faglege kvalifikasjonar

Oppdragsgjevar stiller slike krav:

Kvalifikasjonskrav	Dokumentasjon
Det krevjast at leverandør har erfaring frå oppdrag som totalentreprenør med overføringsverdi.	Det skal leverast beskriving på ca. 1 A4-side per prosjekt, av inntil 3 referanseprosjekt dei siste 5 åra med overføringsverdi for oppdragsgjevar. Det skal opplysast om blant anna: • prosjektets namn • oppdragsgivar • prosjektets storleik i m^2 og kostnad • oppdragets kontraktsverdi eks mva • type entreprise (dersom totalentreprise, om eigne tilsette eller underleverandørar har prosjektert) • type bygg • firmaets oppgåver/rolle i prosjektet • oppstartstidpunkt og ferdigstillingstidspunkt (år)/dersom ikkje ferdig - kvar man er i prosjektet.

3.7 Underleverandørar

Dersom leverandøren planlegg å overlate ein vesentleg del av kontrakten til underleverandørar, skal leverandør stå ansvarleg for desse når det gjeld oppfylling av kontrakten. Kva underleverandørar som skal nyttast skal opplysast i tilbodet. For underleverandørar gjeld same krav til kvalifikasjonar som for leverandør.

Underleverandør skal kunne legge fram dokumentasjon på skatte- og mva attest m.m. på førespurnad frå oppdragsgjevar.

Det er som hovudregel berre akseptert å ha maksimalt to ledd i leverandørkjeda.

4 Tildelingskriterium

4.1 Miljø og berekraft

Anskaffinga er omfatta av FOA § 7-9, og det vil i konkurransen bli evaluert på klima og miljøkrav.

4.2 Tildelingskriterier

Kontrakten vert tildelt leverandøren som har levert det beste tilbodet basert på følgande tildelingskriterier:

Prioritet/ vekt	Tildelingskriterier	Dokumentasjon
50%	**Pris**	Tilbodsskjema i utfylt og signert stand
30%	**Klima- og miljøkrav** Reduksjon av klimagassutslepp og gjenbruk/ombruk vert vektlagt.	Leverandør skal gjere greie for korleis dei kan redusere klimagassutslepp i gjennomføringa av entreprisen. Ber om maks 2 A4-sider der følgjande spørsmål skal svarast ut. 1. Korleis kan leverandør redusere klimagassutslepp knytt til sjølve ombyggingsarbeida ? (Avfallshandtering, transport til/frå, materialbruk. maskinpark, kjeldesortering mm) 2. Gjere greie for kva materiell som kan gjenbrukas i prosjektet og korleis leverandør skal jobbe med gjenbruk/ombruk i prosjektet. 3. Andre moglege tiltak som leverandør ser prosjektet kan ta med seg for å redusere klima- og miljøpåverknaden. Utgreiinga er forpliktande og vert ein del av kontrakten, jf. spesielle kontraktsvilkår pkt. 4. Svar skal gis på eige skjema, sjå vedlegg 10.
20%	**Kvalitet:** Kompetanse og erfaring for tilbode personell. Tilbode personell si erfaring frå referanse-prosjekt og erfaring med gjenbruk/ombruk vil bli	**1. Tilbode personell** Namn og CV for følgande tilbode personell. CV skal innehalde opplysningar om utdanning, kurs, arbeidserfaring og gjere greie for personens kompetanse og være på inntil 2 side: 1. Prosjektleiar hos totalentreprenør 2. Anleggs-/byggeleiar hos totalentreprenør

	vektlagt i evalueringa av kvalitet. Innhald i tilboden gjennomføringsplan, herunder: • Kvalitetssikring • Milepålar • Møtestruktur • Overtaking	**2. Referanseprosjekt** Gjere greie for tilbode personells (sjå ovanfor) referanseprosjekt med overføringsverdi dei siste åra (maks 3 stk.). Den skal min. innehalde følgjande opplysningar og være på omlag 1 A4-side pr referanseprosjekt: • prosjektets namn • oppdragsgivar • prosjektets storleik i kvm og kostnad • oppdragets kontraktsverdiverdi eks mva • type entreprise • type bygg og tilbode personells oppgåver/rolle i prosjektet • oppstartstidpunkt og ferdigstillingstidspunkt (år)/dersom ikkje ferdig - kvar man er i prosjektet. Det skal oppgis namn og telefonnummer til kontaktperson hjå byggherre i dei aktuelle referanseprosjekt. Herøy kommune skal ha moglegheit til å kontakte dei oppgitte kontaktpersonane (min 2 stk.) for deira evaluering knytt til gjennomføring av oppdraget. Herøy kommune sine eigne erfaringar med tilbode personell, kan verte vektlagd. **3. Gjennomføringsplan** Det skal utarbeidast ein gjennomføringsplan der kvalitets-sikring, prosjektstyring, møtestruktur, forventa framdrift og særlege utfordringar vert opplyst. Framdriftsplan skal syne datoar for oppstart, overlevering og andre milepålar. Gjennomføringsplan skal skildrast på eige skjema, sjå vedlegg 11.

4.3 Evaluering

Tildelingskriteriet Pris vert evaluert etter tilboden pris i Tilbodsskjema (prisskjema). Tilbodssum vil bli evaluert inklusiv alle opsjonane med tillegg for løn/materialkost, jf. tilbodsskjema (prisskjema) pkt. 1.2. Verdien av totalentreprise, opsjonar og løn/materialkost vil telle likt ved evalueringa av tilbodet. Alle prisar vert evaluert eks. mva.

Ved evaluering av tildelingskriteriet «Pris», vil Oppdragsgjevar bruke ein lineær modell: Poengscore = 10-10x(Pe-Pb)/Pb, der Pe er den prisen som evaluerast og Pb er best (lågast) pris. Leverandør med best pris vil bli gitt 10 poeng

På kriteria «Klima- og miljøkrav» og «Kvalitet» vil det bli gitt ein poengscore frå 0-10 der 0 tilsvarar manglande svar, medan 10 vert gitt til svært gode svar.

Leverandør med høgast totalscore vinn konkurransen.

5 Krav til tilbodet

5.1 Generelt om atterhald og avvik

Avvik skal opplysast presist og eintydig slik at oppdragsgjevar kan evaluere tilbodet utan å ta kontakt med leverandøren. Det skal opplysast i «Stadfesting av tilbod» om tilbodet inneheld avvik og atterhald.

Avvik skal på ein klar og tydeleg måte referere til relevant vedlegg og punkt i konkurransedokumenta. Merknadar til den tekniske beskrivinga og mengder kan førast på den aktuelle stad. Avviket skal i så fall listast opp i tilbodsskjemaet og syne/vise til sidetal og postnummer i den tekniske beskrivinga.

Leverandøren skal tydeleg angje kva konsekvensar eventuelle avvik har for ytinga, prisen og/eller andre forhold ved tilbodet. Avvik som ikkje er prisa, vil bli skjønns messig prisa av oppdragsgjevar i samband med evalueringa av tilbod.

Vidare blir det gjort merksam på at tilbod som inneheld vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta, skal avvisast etter FOA § 9-6 (1) b. Oppdragsgivar kan etter FOA § 9-6 (2) avvise tilbod som inneheld avvik frå anskaffingsdokumenta, uklare punkt eller liknande som ikkje må reknast som uvesentlege, jf. FOA § 24-8 (2). Det understrekast at tilbyder har risikoen for uklarheiter i eige tilbod. Ved å inngi eit tilbod som avviker frå konkurransedokumenta, risikerer dermed leverandøren at tilbodet blir avvist frå konkurransen.

Dersom årsaka til at leverandøren vurderer å ta inn eit avvik i tilbodet er usikkerheit om forståinga av konkurransedokumenta eller liknande, oppmodar oppdragsgjevar om at leverandøren forsøker å avklare dette gjennom spørsmål/svar-funksjonen i KGV i forkant av tilbodsinnleveringa, i staden for å levere eit tilbod med avvik.

Atterhald som ikkje er tilstrekkeleg konkretisert/spesifisert vert vurdert som ikkje inngitt. Det er ikkje mogleg å ta atterhald mot grunnleggande element i konkurransegrunnlaget.

Tilvising til standardiserte leveringsvilkår eller liknande vil bli betrakta som atterhald i den grad dei avviker frå gjeldande konkurransereglar og kontraktsvilkår. Slike atterhald kan medføre at tilbodet avvisast.

5.2 Levering av tilbod og tilbodsfrist

Tilbod skal leverast elektronisk via KGV innan utløp av tilbodsfristen.

For seint innkomne tilbod vil verte avvist. Systemet tillèt heller ikkje å sende inn tilbod elektronisk via EU-Supply etter tilbodsfristens utløp. Nettstaden er www.kgvlight.com

Er du ikkje brukar hjå EU-Supply, eller har du spørsmål knytt til funksjonalitet i verktøyet, t.d. korleis du skal gi tilbod, ta kontakt med EU-Supply Brukarstøtte på tlf: 23 96 00 10 eller på e-post til: support@eu-supply.com.

Det vert tilrådd at tilbodet vert levert i god tid før tilbodsfristens utløp. Skulle det kome tilleggsinformasjon frå oppdragsgjevar som fører til at leverandør ønsker å endre tilbodet før tilbodsfristen går ut, kan tilbydar gå inn og opne tilbodet, gjere eventuelle endringar og levere nytt tilbod heilt til tilbodsfristen går ut. Det siste leverte tilbodet vert rekna som det endelege tilbodet.

Ettersom KGV ikkje har støtte for signering av tilbod med elektronisk sertifikat, føreset løysinga at leverandør stadfestar sitt tilbod, jf. vedlegg 2 Stadfesting av tilbod, og legg ved dette som pdf-dokument i tilbodet.

Fristen for innlevering av tilbod er **20. oktober 2026 kl. 12:00**.

5.3 Tilbodets språk

Tilbodet og alle tilhøyrande dokument skal gis på norsk.

5.4 Levering av tilbod

For å sikre alle tilbod lik og riktig handsaming, er det avgjerande at all dokumentasjon er organisert på same måte.

All etterspurt dokumentasjon skal leggast ved som filer i PDF-format, om ikkje anna er spesifisert. Filene skal ligge ved tilbodet etter følgjande nummerering og innhald slik:

#	Innhald
1	Stadfesting på tilbodet (vedlegg 2)
2	Tilbodsskjema (Prisskjema) (vedlegg 3)
3	Eventuell(e) Forpliktingserklæring(ar), iht kap. 3..2 (vedlegg 6)
4	Skatteattest iht kap. 3.3
5	Dokumentasjon organisatorisk og juridiske stilling iht kap. 3.4
6	Dokumentasjon finansiell og økonomisk stilling iht kap. 3.5
7	Dokumentasjon tekniske og faglege kvalifikasjonar iht kap. 3.6
8	Eigenerklæring – HMS (vedlegg 4)
9	Eigenerklæring – lønn -og arbeidsvilkår (vedlegg 5)
10	Eigenerklæring – pålegg, bøter og merknadar (vedlegg 7)
11	Utgreiing klima og miljøkrav iht kap. 4.2 (vedlegg 10)
12	Dokumentasjon kvalitet tilbode personell og referanseprosjekt iht kap. 4.2
13	Utgreiing gjennomføringsplan iht kap. 4.2 (vedlegg 11)
14	Anna dokumentasjon

For å lette evaluering, arkivering o.l. av dokumentasjon, bes tilbydarane om å følge nummerering ved disponering av sitt tilbod og namngi filene som vist ovanfor i fet skrift, med nummeret først, og utan bruk av undermapper.

Tilbod som ikkje inneheld alle opplysningar og dokumenter som er etterspurd, eller som ikkje oppfyller krava til utforming av tilbodet som Herøy kommune har satt, vil kunne verte avvist.

5.5 Vedståingsfrist

Tilbodet er bindande i 90 dagar, rekna f.o.m. tilbodsfristens utløp.

6 Avslutning av konkurransen og kontraktinngåing

6.1 Tildeling av kontrakt

Oppdragsgjevar si avgjerd om kven som blir tildelt kontrakt, vil gjerast skriftleg og sendast alle leverandørane samstundes gjennom KGV eller via oppdragsgjevar sitt saks/arkivsystem.

Meldinga vil innehalde ei grunngjeving for valet og angi ein karensfrist frå tildelinga er gjort kjent til kontraktsignering er planlagt gjennomført (kontraktsinngåing).

Dersom oppdragsgjevar finn at tildelinga ikkje er i samsvar med kriteria for val av leverandør kan tildelinga annullerast frem til kontrakt er inngått.

Kontrakt vert rekna som inngått på det tidspunkt kontrakt er signert av begge parter.

6.2 Avlysing av konkurransen og totalforkasting – avviste tilbod

Herøy kommune atterhald seg retten til å avlyse konkurransen dersom det føreligg sakleg grunn.

Høgare entreprisekost enn tilgjengelege midlar, eller manglande godkjenning frå politisk hald, vert rekna som sakleg grunn for å avlyse konkurransen.

Herøy kommune kan forkaste alle tilboda dersom resultatet av konkurransen gir sakleg grunn for det.

7 Vedlegg

1. Konkurransegrunnlag (dette dokumentet)
2. Stadfesting av tilbod
3. Tilbodsskjema (Prisskjema)
4. Eigenerklæring om helse, miljø og sikkerheit
5. Eigenerklæring om løns- og arbeidsvilkår
6. Forpliktingserklæring
7. Eigenerklæring om pålegg, bøter og merknadar
8. Avtaledokument for totalentreprise
9. Spesielle kontraktsvilkår
10. Svar på tildelingskriteriet Klima- og miljøkrav
11. Svar på tildelingskriteriet Kvalitet – Gjennomføringsplan
12. Kravspesifikasjon totalentreprise
    - 12.1. Kravsspesifikasjon og funksjonsbeskriving Kap 0-1
    - 12.2. Kravsspesifikasjon og funksjonsbeskriving Kap 2-7
    - 12.3. Kravsspesifikasjon og funksjonsbeskriving RIV
    - 12.4. Skiltmanual
13. Teikningar
    - 13.1. Teikningssett 03.09.2026
    - 13.2. Byggetrinn - Industrivegen 19
14. SHA-plan